



Reigstad Bygg og Eigedom AS
Gjervik ytre
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3464 - 17/18932

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2017

Ferdigattest 4-mannsbustad gbnr 134/342 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 291/17

Tiltakshavar: Reigstad Bygg og Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Reigstad Bygg og Eigedom AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.04.16 og 25.05.16 .

For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.06.17.

Vi ser at søknad om mellombels bruksløyve ikkje har vorte handsama innan lovbestemte handsamingsfrister, vi seier oss leie for dette.

Skildring

Adresse:	Kalvatræ 9 A og 9 B, samt 11 A og 11 B (gbnr. 134/342, seksjonsnr. 1-4)
Bygningstiltak:	4-mannsbustad med tilhøyrande uteareal, bod, avkørsle og parkeringsplass.
Bygningsnummer:	300555978
Bruksareal:	433 m ²
Vatn og avlaup:	Offentleg
Tal på røykløp:	4

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for 4- mannbustad med tilhøyrande uteareal, bod, avkøyrse og parkeringsplass på eigedom gbnr. 134/342.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3464

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reigstad bygg og Eigedom as

Reigstad Bygg og Eigedom as

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Gjervik ytre

Osterfjordvegen 124

5914

5914

ISDALSTØ

ISDALSTØ